



Helse- og omsorgsdepartementet

Dato: 16.09.2019  
Vår ref.: 2018/16480-130  
Saksbehandlar: marsolh  
Dykkar ref.:

## Høyringsvar frå fylkeseldrerådet i Hordaland om endringar i helsepersonellova § 29 c

Fylkeseldrerådet i Hordaland handsama høyringsnotatet i møte 5. september 2019, sak PS 60/2019.

Departementet ber i notatet særleg om høyringsinstansane sitt syn på følgjande:

1. «Om det er behov for flere krav til dokumentasjon knyttet til tilgjengeliggjøring av opplysninger etter helsepersonellovens § 29 c, enn det som følger av øvrig lovverk» (s. 3 og 7 i notatet)

1b «Departementet ber herunder om høringsinstansenes syn på om det bør lovfestes i bestemmelsen at det skal fremgå av journalen at annet helsepersonell er gitt helseopplysninger.» (s. 7)

### Personvernet og loggføring

Fylkeseldrerådet i Hordaland er spesielt opptatt av at personvernet til pasientane blir tatt godt vare på, og at dette ikkje blir svekka i det nye forslaget til ordlyd for § 2c i helsepersonellova.

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner difor at det må gå fram av pasienten sin journal at anna helsepersonell er gitt helseopplysningar om pasienten.

I forslaget til ny § 2 c er det ikkje stilt krav om at det skal gå fram av pasienten sin journal kven som har lese i journalen og/eller kven opplysningar har blitt gjort tilgjengelege for, og kva for opplysningar som har blitt gjort tilgjengelege. Noverande § 2 c har slikt krav.

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at noverande formulering i § 2 c om dokumentasjon må bli ført vidare i ny § 2 c. Det er viktig at pasienten kan lesa i eigen journal kven som har hatt tilgang. Det er ikkje tilfredsstillande at loggføring skjer i eit meir sentralt register, slik departementet legg opp til. (s. 7 øvste hovudavsnitt). For pasienten vil ein slik generell oversiktslogg gjera det meir komplisert å følgje med.

### Informasjon til pasienten: Samtykke

Fylkeseldrerådet meiner vidare at informasjonsplikta ovanfor pasienten ikkje er tydeleg nok i forslaget til ordlyd for ny § 2c. Det er føreslått denne ordlyden: «Med mindre pasienten motsetter seg det, kan taushetsbelagte opplysningar gjøres tilgjengelege...» Her burde det, etter fylkeseldrerådet sitt syn, vore formulert krav til informasjon ovanfor pasienten om kva formålet er med slik tilgang for tidlegare behandlarar, og kva slik utviding av tilgang til journalen kan medføre med omsyn til personvernet. Det er spesielt viktig at pasienten blir gjort kjent med at ho kan motsetja seg at helsepersonell i ettertid kan få tilgang til journalen.

**Føremålet med endringsforslaget til § 2 c.**

Fylkeseldrerådet i Hordland har forståing for at helsepersonell ønskjer ei mindre arbeidskrevjande prosedyre for å få tilgang til journalopplysningar for eiga læring eller for kvalitetssikring av behandling. Rådet er difor ikkje i mot at det vert enklare å få relevante opplysningar. Forenklingane må likevel ikkje føra til at det blir *pasienten* som får det meir komplisert enn før med omsyn til å kunna følgja med på kven som les pasientjournalen. Forslaget om å sløyfa loggføring i sjølve pasientjournalen, og heller leggja informasjonen til ein meir sentralisert logg, vil ha slike følgjer.

Fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre  
leiar